



Det Kongelige Helse- og omsorgsdepartement  
Postboks 8011 Dep.  
0030 Oslo

**NY FOLKEHELSEFORSKRIFT - HØYRINGSUTTALE FRÅ BØMLO KOMMUNE**

Høyringsuttalen er handsama i utval for oppvekst, kultur og idrett den 21.02.12, utval for areal og samferdsel den 22.02.12, utval for helse og omsorg den 23.02.12 og kommunestyret den 12.03.12. Det vart gjort følgjande vedtak til høyringsuttale:

Bømlo kommune vurderer at den føreslåtte folkehelseforskrifta er eit grunnlag for å møte framtidige utfordringar i folkehelseperspektivet. Kommunen har likevel nokre merknader.

1. Bømlo kommune meiner at det må vere meir fokus på kunnskap og faktorar som verker beskyttande på folkehelsa og mindre fokus på sjukdom.
2. Bømlo kommune meiner at forslag til forskrift spenner over eit vidt spekter og definerer eit stort omfattande område. Derfor er det viktig at forskrifta angir meir klart kva oppgåver som bør prioriterast.
3. Det er viktig at det vert arbeidd fram nasjonale måleindikatorar for folkehelse, og at desse vert vidareutvikla. Indikatorar som gir grunnlag for å følgje utvikling i eigen kommunen og i høve andre kommunar. Bømlo kommune meiner at fylkeskommunen kan tildelast ansvar for å bistå kommunane i utvikling av lokale måleindikatorar for folkehelsa. Herunder å få fram synergiar mellom kommunar i dette arbeidet.
4. For og styrkja folkehelsearbeidet meiner Bømlo kommune at det er avgjerande at det vert fylgt opp med økonomiske midlar. Dei krav til oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorar som ligg i forslag til forskrift vil ha betydelige økonomiske og administrative konsekvensar for kommunane.

Med helsing  
BØMLO KOMMUNE

  
Sverre Olav Svarstad  
Rådmann